

Kvinnherad idrettsråd



Arbeidsprogram 2019 – 2021

Framlegg til årsmøtet 21.05.2019

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram i tråd med vedtektene. Programmet skal ha to års horisont og vert rullert årleg. Arbeidsprogrammet er saman med rådet sine lovar og budsjett styrande for idrettsrådet sin aktivitet.

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i Kvinnherad som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Hordaland idrettskrets. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskretsen. Idrettsrådet har samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune og er rådgjevande organ i saker som vedkjem idretten i kommunen.

Idrettsrådet skal:

- a) styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet,
- b) foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga,
- c) dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, og
- d) vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringpunktet mellom offentleg og frivillig virke.

Samarbeid med idrettslaga

- Heimeside og Facebooksida som viktig kontaktflate mot medlemene
- E-post og meldingar via SportsAdmin for direktesendingar til medlemene

Lokalidretten og kommunen

- Oppretthalda samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune
- Årleg samarbeidsmøte med kommunen
- Samarbeide med kommunal idrettskonsulent
- Legge til rette for aktivitetar gjennom idrettsstipend og resurskontaktar

- Gi råd om prioritering av spelemidler og kommunale investeringsmidlar til idrettsanlegg
- Besøkje regelmessig idrettslag for anleggssynfaring og møte med styrerepresentantar
- På eige initiativ ta opp saker med kommunen som er av felles interesse for idrettslaga i Kvinnherad
- Koordinere og fremje saker på vegner av medlemslaga for kommunen

Organisasjonsledd i NIF

- Delta på desse arrangementa i regi av Hordaland idrettskrets:
 - Idrettsrådskonferansen i Hordaland
 - Anleggskonferansen i Hordaland
 - Kretstinget i Hordaland

Anleggsutbygging

- Arrangera søkekurs for medlemene til spelemiddelordninga
- Delta i prosjektarbeidet for ny idrettshall på Husnes

Aktivitetsutvikling

- Fordele lokale aktivitetsmidlar (LAM) til medlemslaga
- Utvikle kriterium for tildeling av LAM som stimulerer til samarbeid mellom medlemslaga om arrangement, treningstilbod og andre aktivitetar
- Tildele breideidrettsstipend for Kvinnherad
- Administrere ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap

Samfunnsoppdrag

- Synleggjere verdiar frå lokalidretten for innbyggjarar, næringsliv og politisk leiing i kommunen
- Delta i prosjektet som skal motverka barnefattigdom i Kvinnherad